

Årsmelding 2017

Medlemstalet vårt er ved utgangen av 2017 51 betalende medlemmer, ein oppgang på 3 frå utgangen av 2015. Einar Amund Kartveit har vore gruppeleiar, og Svein Frette, Carl Endre Espeland, Hilde Johansen, Michael Menk, Per Christian Valland og Odd Martin Sundsbø Kartveit har vore leiarar.

Aktiviteten har vore fordelt på arbeidsgreinene stifinnar og vandrar. Møtene har vore holdt annankvar torsdag, vandrarane litt sjeldnare pga. fleire turar. Oppmøte har som regel vore ved Kyrkjelydshuset; nokon møter har vore inne, men dei fleste ute.

Det deltok totalt 5 patruljer på Bymanøver frå Alversund i oktober.

1.mai deltok stifinnarane på Finn fram-dagen i Alversund.
Stifinnarane var på overnatting ved Fossavatnet i mai med 12 speidarar.

Vandrarane har vore på fleire overnattingsturar. Haik frå Skarsvegen til Fossavatnet i juni (ca.7 speidarar), VM i speiding på Askøy 7, 2 kanoturar i august (9+12), 5.-7.klasse var på fjelltur til Markhuset i Eksingedalen (16 deltakarar), og ungdomsskulespeidarane gjekk frå Røyrdalen i Eksingedalen til Selhamar i september (10).

Me solgte 208 av 220 kjøpte kalendarar i november.

Takk for dette flotte speidaråret!